

Vår ref.:
25/01837-15

Vår dato:
16.06.25

Referat frå IDF-møte - styresaker - 10.06.2025

Tid og stad: tysdag 10.06.2025, frå kl. 09.00 til kl. 10.30

For partane møtte:

Arbeidstakar:

Nina Roskinn Harkestad
Gjert Anders Askevold
Karl-Eric Melander

Akademikerne
Forskerforbundet (FF)
YS/Parat Stat

Karin Bell

Hovudverneombod

Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri
Tage Båtsvik
Anette Olene Fristad
Anne Lone Hovland

Rektor
Organisasjonsdirektør
Avdelingsleiar HR
Seniorrådgjevar HR / referent

Forfall:

NTL

Godkjenning FF, Godkjenning Akademikerne, Godkjenning YS/Parat

Vedtaksaker

26/25-B Godkjenning av innkalling og saksliste til styremøte 4/2025

-

27/25-B Møteplan for Høgskulestyret 2026

Rektor orienterte.

Tillitsvalde kommenterte at dei fleste møta har Bergen som møtestad og stilte spørsmål til dette.

28/25-B Oppnemning / godkjenning av studentrepresentantar til styrer, råd og utval ved HVL (01.08.2531.07.26)

Rektor orienterte.

Tillitsvalde saknar ei oversikt over kva campus dei ulike studentrepresentantane kjem i frå.

29/25-B Løypemelding: Utvikling av den eigenfinansierte studieporteføljen ved HVL - innmelding av planlagte endringar frå studieåret 2026/27

Rektor orienterte.

Tillitsvalde gjorde merksam på behovet for å bevare ein balanse mellom utdanningsaktivitet og forskingsaktivitet, slik at utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen ikkje skjer på kostnad av forskingsaktiviteten i fakulteta.

30/25-B Strategiske prioriteringar i dimensjonering av studieporteføljen

Rektor orienterte.

Tillitsvalde opplev det som tillitsvekkjande at styret har brukt god tid på denne saka, og er nøgde med at ein legg vekt på å skape føreseielege prosessar gjennom tydelege reglar og god involvering undervegs.

Ein understreka samstundes behovet for medverknad og openheit i desse prosessane, og at omsynet til heilskapen ikkje står i motsetnad til at dei aktuelle fagmiljøa kan takast med på råd.

Hovudverneombodet viste til hovudavtalen sine reglar om medverknad, og krav om at diskusjonane blir tekne ned i personalgruppene.

31/25-B Endring av Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet

Rektor orienterte.

Tillitsvalde kommenterte at bruk av KI ikkje var omtala eksplisitt i endringsforslaget, og oppmoda om å sjå på dette til seinare.

32/25-B Strategisk forskingssatsing ved HVL

Rektor orienterte.

Tillitsvalde hadde ingen kommentarar til saka.

Hovudverneombodet kommenterte at medverknaden i denne prosessen har vore godt ivareteken.

33/25-B Revidering av mandat og samansetning for Forskingsetisk utval (FEU) og oppnemning av utvalsmedlemmer for perioden 2025 – 2029

Rektor orienterte.

Tillitsvalde ser dette som ei viktig sak, og er glade for at saka er løfta. Det vart elles kommentert at mandatet er kortfatta, og at det kan vera rom for tolking.

34/25-B Utdanningsfaglig kompetanse og kompetansevurderingsmatrise - HVL

Rektor orienterte.

Tillitsvalde er nøgde med at HVL får på plass ei kompetansevurderingsmatrise, og hadde ein del kommentarar og spørsmål knytt til dosentløpet;

Tillitsvalde har merka seg regelen om at faglege utviklingsarbeid, som låg til grunn for opprykk til førstelektor, ikkje kan inngå i kvalifiseringsgrunnlaget for dosentoppykk. Tilsvarande regel finst ikkje ved opprykk i professorstigen. Ein etterlyste grunnlaget for regelen, som ikkje er omtala i uhr sine retningslinjer, og om regelen er sær eigen for HVL.

Vidare meiner tillitsvalde at det bør gå fram av matrisa at fagfelleverdert arbeid er meritterande også i dosentløpet, sjølv om det ikkje er eit krav i stillinga. Det vart også kommentert at «prosess» synast å ha fått større merksemd i saka enn «resultat». I tillegg vart det stilt spørsmål til overgangsordninga for dosentoppykk, og moglegheita for å utsette søknadsfristen etter den gamle ordninga frå 31. juli til 31. desember 2025.

Hovudverneombodet etterlyste tilsvarande arbeid med kompetanseutvikling også i tekniske og administrative stillingar.

35/25-B Lokale lønnsforhandlingar 2025

Saka er unnateken offentlegheit. Styret er orientert om tillitsvalde sine innspel i høve til ekstraløyving, brevet ligg ved saka.

Orienteringssaker

O-27/25 Budsjettprosess 2026

Rektor orienterte.

O-28/25 Verksemdsrapport per 1.tertial 2025, inkludert rekneskap24

Rektor orienterte.

Tillitsvalde gjorde merksam på at talet på studentar pr. lærar har auka og oppmoda om at ein i det vidare økonomiarbeidet har fokus på korleis dette verkar inn på både arbeidsmiljøet og forskingsmiljøa.

Hovudverneombodet gjorde merksam på manglande medverknad i samband med arealdisponering ved campus Bergen.

O-29/25 Utvikling av fellesareal J130 campus Bergen

Rektor orienterte.

Hovudverneombodet meiner at arbeidsplassforskrifta sine krav til personalrom ved delte arbeidsplassar ikkje er oppfylt. Ho opplyste om at vernetenesta ikkje har vore involvert i utviklinga av arealbruken.

Tillitsvalde er opptekne av at arealet blir brukt på ein måte som gjer god bruk av dei kvalitetane rommet har, både når det gjeld lysforhold og plassering i bygget.

O-30/25 Pensumlitteratur, bibliotektenestene ved HVL

Rektor orienterte.

O-31/25 Styrets evaluering av eiga arbeid (studieåret 2024-25)

O-32/25 Styret møter dei hoveditillitsvalte (HTV) / hovedvernombud (HVO) ved Høgskulen på Vestlandet studieåret 2024-25304

Referatsaker

Rektor orienterte

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.